

Utgreiing om kostnadsreduksjon

1. Bakgrunn for saka

Vedtak for SFJ 2019 er:

Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20) – justering av utgreiingsramme. Fylkesrådmannen viser til førebels tilbakemelding frå fagskulestyret i notat datert 01.04.2015.

Tilbakemeldinga låg som eige vedlegg til sak om økonomiplan 2016 - 19 (FT 26/15). Fagskulestyret signaliserte at tilpassing av drifta ut frå utgreiingsrammer på kr 6 mill. og kr 13 mill. ikkje er realistisk som grunnlag for vidare drift. På bakgrunn av dette tilrår fylkesrådmannen at Fagskulen i Sogn og Fjordane får nedjustert sine utgreiingsrammer til å vurdere innsparingar på høvesvis kr 2 mill. og kr 4 mill. Utgreiinga har leveringsfrist i 2017.

Sfj2019

Samandrag

| | |
|----|---|
| 1. | Utgreiing #20 |
| | Fagskulen i Sogn og Fjordane |
| 2. | Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane) |
| | «Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20) – justering av utgreiingsramme. Fylkesrådmannen viser til førebels tilbakemelding frå fagskulestyret i notat datert 01.04.2015. Tilbakemeldinga låg som eige vedlegg til sak om økonomiplan 2016 - 19 (FT 26/15). Fagskulestyret signaliserte at tilpassing av drifta ut frå utgreiingsrammer på kr 6 mill. og kr 13 mill. ikkje er realistisk som grunnlag for vidare drift. På bakgrunn av dette tilrår fylkesrådmannen at Fagskulen i Sogn og Fjordane får nedjustert sine utgreiingsrammer til å vurdere innsparingar på høvesvis kr 2 mill. og kr 4 mill. Utgreiinga har leveringsfrist i 2017.» |
| 3. | Økonomisk innsparingspotensiale |
| | Flytting til nye lokale - Reduserte leigekostnader med kr 1 mill. Reduksjon i tal undervisningstimar for studentane ved avdeling Førde - Reduksjon frå 32 timar kvar veke til 24 kvar veke gir ein reduksjon på kr 823 536. Total reduksjon - Kr 1 823 536 Den største reduksjonen vil i framtida vere å fylle opp klassane gjennom auka rekruttering. |

| | |
|----|--|
| 4. | Administrativt innsparingspotensiale |
| | <p>Administrasjonane ved FiSF er i utgangspunktet små. Det er omlag 3 stillingar ved avd. Førde og omlag 2 stillingar ved avd. Måløy. Dersom vi ser tal stillingar totalt kan det verke som administrasjon er ein stor post av budsjettet. Men uansett storleik er det eit minstenivå ein administrasjon må oppfylle. Mange av desse oppgåvene er knytte til lovkrav. Skal ein i tillegg gjere utviklande prosjekt, vil det vere lite gunstig å gjere innsparing i administrasjonsutgiftene.</p> |
| 5. | Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane |
| | <p>Fagskulen sitt mandat er å tilføre kompetanse til næringslivet i regionen. På denne måten kan FiSF bidra til å oppretthalde arbeidsplassar og i noko grad påverke innovasjon og nye arbeidsplassar. Dei som vert utdanna i fylket har lettare for å bli verande i fylket.</p> |
| 6. | Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar |
| | <p>Framtidig finansieringsmodell for Fagskulen i Sogn og Fjordane</p> |

2. Vurderingar og konsekvensar

Fagskulen i Sogn og Fjordane

Bakgrunn

Fagskulen i Sogn og Fjordane har som ei av sine viktige oppgåve å tilføre kompetanse til arbeidslivet i Sogn og Fjordane. Skulen skal utvikle dyktige fagarbeidarar og utvikle kurs og kompetansesenter som er næringsretta.

Fagskulen består av to avdelingar. Ved avdeling Førde har skulen studie i tekniske fag (ingeniørfag) og helsefag. Ved avdeling Måløy har skulen maritim utdanning som utdannar sjøoffiserar. Tekniske og maritime studiar har to år normert studietid, medan helseutdanningane har eitt års normert studietid. Desse studiane kan gjennomførast som samlingsbasert studie kombinert med nettstudie, og vil da normalt gå over to til tre år. Begge avdelingane har høve til å gjennomføre kurs som er kortare enn normert studie. Kurs og samlingsbasert studie kan gjennomførast medan studentane er i jobb.

Fagskulen arbeider med ein ny strategiplan. Sentralt i planen er auka aktivitet. Styret ved Fagskulen har vedteke store satsingar som skal gjennomførast komande skuleår. Avdeling Måløy har oppgradert sin simulator og er nå klar for å auke aktiviteten. Saman med Måløy vgs vil vi skape eit kurs- og kompetansesenter som er næringsretta. Næringslivet i Nordfjord ser svært positivt på satsinga som er eit utviklingstiltak som kjem det maritime næringslivet til gode. Avdelinga i Måløy har eit godt omdøme og studentane kjem frå heile vestlandsregionen. På grunn av plassmangel kan dei berre ha 4 klassar med 12 studentar i kvar. Vi arbeider med nye lokale slik at vi kan auke studenttalet til 20 i kvar klasse. Nye lokale vil og gi høve for andre studielinjer og auka kursaktivitet. Utvikling av ei kompositt linje er svært aktuelt.

Avdeling Førde har vedteke flytting til nye lokale som ligg nær Mo og Øyrane vgs i Førde. Det gjer at Fagskulen vert meir synleg og meir kjend for elevane i vidaregåande skule. Flyttinga vil og fremme samarbeid. Vi kan bruke utstyr og lokale saman. Det vil kunne løyse ut økonomisk gjevinst i framtida og kunne bidra til kompetanseutveksling mellom fagmiljøa på skulane. Avdeling Førde har ein satsing mot utvikling av kurs- og kompetansesenter i samarbeid med Teknologi Campusprosjektet til Fylkeskommunen. Kurs – og kompetansesenteret vil verte utvikla i samhandling med næringslivet. På denne måten kan fagskulen næringsrette kursverksemda og studietilbodet. Alle satsingane vil kunne bidra til større aktivitet ved begge avdelingane. Fagskulen ser fram i mot å løyse ut desse potensiala og vil jobbe for å realisere strategiane i framtida.

Finansiering/budsjett Fagskulen

Fagskulen har per i dag ein økonomi som er basert på ei fast tilskotsramme frå Fylkeskommunen. Tilskotsramma består av ein overføring frå staten og ein eigenandel frå Fylkeskommunen. Overføringa frå staten til fylkeskommunen er basert på stykkprisprinsippet og var i 2017 på kr 70 000,- per student.

Ei fast ramme frå Fylkeskommunen medfører ein lite gunstig situasjon for Fagskulen. Fagskulen ønskjer mange studentar slik at vi kan bidra med kompetanse til arbeidslivet i fylket. Situasjonen er slik at desto fleire studentar/klassar vi har, desto fleire lærarar må vi ha. Dermed aukar lønnskostnadene. Det medfører fare for å overskride den faste tilskotsramma, og fare for at vi må seie nei takk til studentar og nye klassar. Motsett blir det dersom vi har færre studentar/klassar. Då er behovet for lærarar mindre og lønnskostnadene vert redusert. Styringsprinsippet for økonomien blir då, desto færre studentar/klassar vi har desto betre økonomi får Fagskulen. Styringsprinsippet stimulerer til det motsette av Fagskulen sitt ønskje om mange studentar som vil ta fagskuleutdanning.

Fylkeskommunen kjem heller ikkje i ein god økonomisk situasjon. Overføringa frå staten vil variere frå år til år utifrå studenttalet i Fagskulen. I tillegg er den statlege overføringa til fylkeskommunen basert på studenttalet to år tilbake i tid. Tilskotet for 2017 er basert på studentteljing i oktober 2015. Dersom studenttallet er stort i 2015 og lite i 2017 vil overføringa frå staten til fylkeskommune bli stor i 2017. Er studenttalet gått ned frå 2015 til 2016, og det blir eit godt studenttal i 2018, vil fylkeskommunen få ein liten overføring frå staten i 2018. Det betyr at i dei åra det er auke i tal studentar, blir det liten overføring frå staten og stor utgift for fylkeskommunen. Det motsett ved lite studenttal.

I Fagskulen sitt budsjettet frå 2016 var eigenandelen (kostnaden) til Fylkeskommunen omlag kr 12 mill. I 2017 er den kr 10 mill. I 2016 var overføringa frå staten liten og Fylkeskommunen hadde større kostnader frå eige budsjett. I 2017 var kostnadene reduserte med kr 2 mill. fordi Fagskulen hadde eit stort studentkull i 2015. Dette medfører at desto fleire studentar Fagskulen rekrutterer desto større vert kostnadsreduksjonen for Fylkeskommunen. Dette er den klart største kostnadsreduksjonen Fagskulen kan gjennomføre. Klarer Fagskulen å rekruttere 30 studentar meir, vil kostnadsreduksjonen for Fylkeskommunen vere kr 2,1 mill. Det ligg eit stort potensiale for kostnadsreduksjon ved at Fagskulen aukar aktivitetsnivået og rekrutteringsarbeidet. Dette potensiale kan utløysast i framtida.

I arbeidet med konkrete kostnadsreduksjonar er det særleg to områder vi kan peike på:

Flytting til nye lokal

Fagskulen har vedteke å flytte til nye lokale. Vi flytter frå dagens lokale til Concord og Teknologi Campus på Øyrane industriområde. Flytting skjer ved årsskifte 2018/19. Kontrakten med dagens utleigar går ut 28.2.2018. Det medfører at leigekostnadene vert reduserte frå 2,4 mill. til om lag 1,4 mill. Dette inkluderer reinhaldskostnader. Leigekontrakt med Concord vil innebere ein kostnad på om lag 1,2 mill., og leige i samband med Teknologi Campus vil om lag vere på 0,2 mill. Totalt vil kostnadsreduksjonen vere på 1 mill.

Reduksjon i tal undervisningstimar

Studentane ved Fagskulen avdeling Førde har historisk sett blitt tilbydd 32 timar eller meir per veke. Dei siste 5 åra har timane normalt vore 32 timar per veke. For å kunne seie noko om konsekvensane ved ein reduksjon i tal undervisningstimar som vert tilbydd, har vi det siste året forsøkt med 24 timar per veke for dei to 2. klassane og 28 timar for dei to 1. klassane. Per i dag er det 4 klassar som får redusert timetalet. Førebels vurdering av eksamensresultat tilseier at reduksjonen i tal timar let seg gjennomføre. Det føreset at timane kan brukast fleksibelt og at ei årsramme vert lagt til grunn. Dvs at ein disponerer ei årsramme på 912 timar (24 timar x 38 veker) i året + 152 timar i året til styrking av 1. klassane.

I tal vert oppstillinga for ein kostnadsreduksjon for 2. klasse slik:

- | | |
|-------------------------------|--------------------------------|
| - 32 timar x 38 veker | = 1216 timar per år per klasse |
| - 24 timar x 38 veker | = 912 timar per år per klasse |
| - Reduksjon per klasse per år | = 304 timar per år per klasse |

I tal vert oppstillinga for ein kostnadsreduksjon for 1. klasse slik:

- | | |
|-------------------------------|--------------------------------|
| - 32 timar x 38 veker | = 1216 timar per år per klasse |
| - 28 timar x 38 veker | = 1064 timar per år per klasse |
| - Reduksjon per klasse per år | = 152 timar per år per klasse |

- Reduksjon 4 klassar (304x2 og 152 x2) = 912 timar kvart år

Gjennomsnitt lønnskostnader for ein lærer på fagskulen er om lag kr 650 000,-. Årslønna kan delast på årsverket som er 668 timar. Det gir ein lønnskostnad per time på kr 903,-.

Redusert lønnskostnad per år: 912 timar x kr 903 = kr 823 536

Reduksjonar i timetalet over er basert på ein reduksjon frå 32 til 24 timar kvar veke. Studentar og tilsette vurderer dette timetalet som eit minimumsnivå. Dersom timetalet vert redusert utover 24 timar i veka, vil læringsutbyttet reduserast i stor grad. Andre fagskular har som oftast opp mot 30 timar kvar veke. Studentane vil truleg velje desse skulane ved ein ytterlegare reduksjon. Mister Fagskulen studentane, mister den grunnlaget for drift.

Vurderingar

Vurderingane om kostnadsreduksjon er gjort på bakgrunn av kva som er ein minstestandar for studentane si undervisning. Den klart største utgifta for fagskulen er lønnskostnader. Fagskulen sine vurderingar er at det gir noko rom for reduksjon i lønnskostnadene ved avdeling Førde. Avdelinga i Måløy er underlagt lovreguleringa til Sjøfartsdirektoratet. Reglementet set krav til tal timar studentane i maritim utdanning skal ha. Standarden som er sett i nasjonal plan for maritime fagskular er 1320 timar kvart år.

Nasjonal utval for tekniske fagskular (NUTF) bruker ei årsramme på 1320 timar som norm for sine anbefalte timar. Fagskulen sitt styret har vedteke ei årsramme på 912 timar for avdeling Førde. Dette er ein reduksjon som er krevjande for studentane. Det krev mange timar eigenstudie. Men studentrådet ser på reduksjonen som mogleg å gjennomføre. Dersom vi må redusere timetalet meir er det fare for at Fagskulen må legge ned klassar eller linjer. Fagskulen vil følgje situasjonen tett og evaluere læringsutbyttet i alle skulen sine organ.

Fagskulen har gått gjennom alle delar av organisasjonen. Følgjande områder har vert til vurdering; personalet, administrasjonen, undervisningsutstyr, reduksjon av klassar, samanslåing av klassar og framtidige investeringar.

Fagskulen ser det som vanskeleg å gjennomføre kostnadsreduksjon på desse områda. Konsekvensen vil føre med seg stor grad av reduksjon i læringsutbytte for studentane. I dei områda som ikkje har direkte verknad på undervisninga, vil det verte vanskeleg å følgje opp dei lovkrav som vert stilt til det administrative arbeidet på skulen.

Tek ein bort alle høve til bruk av frie midlar i dei økonomiske rammene, vil det vere vanskeleg for fagskulen å vere oppdatert og følgje med i utviklinga. Kjem vi på etterskot vil det verte vanskeleg å rekruttere både lokale søkjarar og eksterne søkjarar. Når ein veit at dei som utdannar seg i Sogn og Fjordane lettare tek seg arbeid og buset seg i Sogn og Fjordane, vil det vere sentralt for arbeidslivet å ha ein sterk og oppdatert Fagskule.

Teknologiutviklinga er på veg inn i utdanningssektoren. Denne utviklinga vil kunne redusere kostnadene i framtida. Men før denne teknologien kan medføre kostnadsreduksjon, må Fagskulen gjennomføre innkjøp av utstyr og opplæring av personalet.

Framtidig finansieringsmodell for Fagskulen.

I framtida ønskjer Fagskulen eit liknande finansieringsprinsipp som blir skissert i Stortingsmelding nr 9 om Fagskulen. I meldinga blir det foreslått ei grunnfinansiering og ei resultatfinansiering. Grunnfinansieringa må i prinsippet dekke felleskostnader. Resultattilskotet må dekke lønnskostnadene til lærarane.

På denne måten kan Fagskulen ha ein god økonomistyring og Fylkeskommunen vil få ein fast eigenandel kvart år. Fagskulen kan styre økonomien ved å auke tal lærar når klassetalet aukar og redusere tal lærarar når klassetalet minkar. Fagskulen kan då sette krav til tal elevar i ein klasse for at den skal kunne startast opp.

Nytt finansieringsprinsipp må også ta omsyn til at overføring frå staten er basert på studenttalet to år tilbake i tid. Aukar Fagskulen tal klassar/studentar eit år, vil Fagskulen få auka resultattilskot to år seinare. Minkar klassane/studentane vil tilskotet frå staten bli redusert to år fram i tid. Det nye prinsippet inneber at Fagskulen og Fylkeskommunen må samarbeide om å sette av midlar i år med mange studentar og nytte avsette midlar i år med færre studentar.

Ved eit slikt finansieringsprinsipp vil det vere viktig at Fagskulen kjem inn i Fylkeskommunen sin budsjettprosess rett etter at studentopptaket til Fagskulen er gjennomført og klassetalet er sett. Deretter må det vere ei budsjettoppfølging i oktober når studentteljinga er gjennomført. Ved å bruke dette økonomi/finansieringsprinsippet vil det bli betre økonomistyring for Fagskulen og ein meir føreseieleg og stabil økonomi for Fylkeskommunen.

3. Oppsummering/konklusjon

Det er i avsnitta over skissert ein kostnadsreduksjon på kr 823 536 + kr 1 000 000. Til saman utgjer det ein reduksjon på kr 1 823 536 . Oppgåva til Fagskulen i SFJ 2019 var å gjere greie for ein reduksjon på kr 2 mill. og kr 4 mill. Slik Fagskulen vurderer økonomi og aktivitet kan ein kostnadsreduksjon på kr 2 mill. forsvarast. Det vil derimot vere vanskeleg å forsvare ein reduksjon på kr 4 mill. Fagskulen vil da måtte gjere reduksjonar som gjer det uansvarleg å anbefale å studere ved Fagskulen i Sogn og Fjordane.